




KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



Fredfull jol!





Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITeseID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kyrkja.no/kviteseid



Kyrkjevevjerje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@
kyrkjetrappa.no



Trusopplærer og kyrkjelydssekretær
Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: Jolemotiv frå Kyrkjehuken
Foto: Kristen Salmelid
Utforming og trykk: ETN Grafisk



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 97 07 87 71



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

ANDAKT

Immanuel – Gud med oss!

Jula er tida då me samlar oss rundt den store forteljinga om då Jesus vart fødd. Denne forteljinga er skildra fleire stader i Det nye testamentet. Den mest kjente står i Lukasevangeliet. Det er den me les på Julaften. Her høyrer me om Maria og Josef. Om herberga som er fulle. Hyrdane på Betlehemsmarka. Englesongen og bornet i krybba.

Når Matteus skal skriva om det store mysteriet, har han eit anna perspektiv. Han nemner ikkje vandringa til Betlehem, dei fullbooka herberga, hyrdane, englesongen og krybba. I staden ser han bakover til ein over 600 år gamal profeti frå profeten Jesaja. Her finn han årsaka til, og poenget med juleforteljinga.

Alt dette hende så det skulle oppfyllest, det Herren har tala gjennom profeten: *Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel - det tyder: Gud med oss.*

Jul er måten Gud fortel at Han er ein gud som er med oss i alle livets fasar, utfordringar og gleder. Ikkje ein fråverande gud. Ikkje ein likegyldig gud. Ikkje ein gud som er mot oss og ute etter oss. Han er ein Gud som vil gå med oss og som elsker oss og som er vår frelsar. Når me lukkast og når me mislukkast. Han ber namnet Immanuel. Òg i motgang er Gud med. Difor vart han fødd som ein av oss.

Dette teiknet frå Gud hende i den delen av verda som i desse dagar er prega av

ein forferdeleg konflikt mellom Israel og Gaza. Lidingane er større enn me kan fatta. Når dette vert skriva, kjenner me ikkje utfallet, men me ser dei ufattelege lidingane på begge sider. Men me veit at Gud vil gå med oss. Han ser til kvart menneske som lid uavhengig av nasjonalitet, etnisitet, tru og alder. Under alle djup er Gud.

«Gud med oss!» For mange vekker framleis orda vonde minner. Nazistane brukte dei til å legitimera sine brutale handlingar under 2. verdskrigen. Men slik skal ikkje Guds namn brukast til å forsvara det som er imot Guds vilje. «Gud med oss» må ikkje få den konsekvensen at me vender oss mot kvarandre, men at me snur oss 180 grader og behandlar kvarandre som medmenneske. Trur me på ein Gud som er med oss, må me sjå på alle menneske som våre medmenneske.

Jul er difor tida for både undringa over det store underet, og for å vise medmenneskelegheit med dei som lid.

Dei siste orda i Matteusevangeliet, grip tilbake til det namnet Jesus ber, Immanuel. No er dei ikkje sagt av profeten, men av han som vart fødd julenatt: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Velsigna jul.

*Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark*

Teneste og oppleving i Kviteseid gjennom 6 år

Av Olav Mosdøl

Ved nyttår sluttar Møyfrid Lunde i jobben som sokneprest i Kviteseid sokn. Ho kom hit som nyutdanna prest sommaren 2017. No flyttar ho til Stavanger for å gå inn i stilling som sokneprest i Varden sokn på Storhaug. Det vert avskjedsgudsteneste i Kviteseid kyrkje 7. januar 2024.



- Kvifor kom du som prest til Kviteseid?

- Eg tenkte at når Gud hadde gjort seg bryet med å kalla meg til prest, måtte Han òg ha tankar om kor Han kunne bruke meg. Som einsleg har det vore lett for meg å flytte, så eg sa til Gud i bøn, at Han kunne sende meg dit han ville. Eg hadde ikkje sertifikat den gong, så eg trudde fyrst at stillinga her ville passe betre for andre enn meg. Men så fekk eg fleire teikn som peika mot Kviteseid, og då valde eg å søkje stillinga. Det har eg ikkje angra på. Eg har trivest frå fyrste stund. Her har vore godt å bu og godt å arbeide, fortel Møyfrid.

- Korleis har du opplevd å kome frå kyrjelivet i Rogaland og Stavanger by til Vest-Telemark?

- Eg trur Anden er den same i Guds kyrkje over heile verda. Difor kan ein finne vener ein kan be og feire gudsteneste saman med alle stader. Det som skifter frå stad til stad, er kultur og språk. Og det heng igjen saman med historia på staden.

Kyrkja har vore til stades her sidan mellomalderen, og frå syttenhundretalet har det vore bygd nye kyrkjer kvart hundreår ettersom bygdene har vakse. Her er mange som er glade i si lokale kyrkje. Ho er eit samlingspunkt, som ikkje berre knyter folk til den lokale historia og tradisjonen. Kyrkja set òg folk inn i ei ramme der Gud sjølv er del av vår historie. Her er det framleis stor oppslutning om dåp og konfirmasjon, og dei fleste vel kyrkjeleg gravferd, seier Møyfrid.



Tårnagenthelg

- I samtale med folk gjennom desse åra har eg forstått at mange trur på Gud som vår skapar, og bed til Han, sjølv om dei sjeldan eller aldri snakkar med sine næraste om det. Mange har eit nært forhold til naturen, og for mange er det slik at naturen gjev ei openberring av den Gud som står bak. Så har det gjennom åra vore ulike vekkingar her, også etter den mest kjende vekkinga i Vrådal på 1860-talet. Det har ført med seg eit rikt organisasjonsliv og møteverksemd, og kristne har delt seg på fleire ulike kyrkesamfunn. Fordi Kvitsund ligg her i bygda, har det også stadig kome nye tilflyttarar, som har hatt glede av å bidra i mykje kristent arbeid for born, ungdom og i diakonale tiltak.

I tankane kring tenestetåra i Kviteseid kjem me også inn på endringar som skjer i tida. Spørsmålet er òg om det er særmerke eller høgdepunkt som sokneprest Møyfrid vil trekkje fram. - Det skjer endringar her som andre stader, nemner ho. - Men eg opplever at mange er meir medvitne om og stolte av å halde fast på til dømes gamle handverks-tradisjonar,

lokalhistorie, nærleiken til naturen og andre gode sider ved bygdesamfunnet. Mange endringar i samfunnet er til det betre, men eg trur det er sunt at me er medvitne om kva endringar me ynskjer å ta del i, understrekar ho.

- Som prest har eg blitt tatt godt imot alle stader. Folk har vore gjestfrie og hatt omsorg for at eg har kunna trivast. Eg har opplevd det veldig meningsfullt å møte både gamle og unge, i sorg og glede, kriser og kvardag. Som tidlegare lærar synest eg at det er særleg spennande å jobbe med konfirmantar og ulike trusopplæringstiltak for born og unge. Det er vanskeleg å ta fram noko høgdepunkt. Men eg tenkjer på mange samtalar der eg har fått oppleve å vere til hjelp for nokon i truslivet deira. Noko av det eg set størst pris på for min eigen del, er å samlast i lag med store og små til gudsteneste-fellesskap.

- Det har òg vore fint å vere ein del av fellesskapet mellom dei ulike kyrkesamfunna her i bygda. Rett nok kan planleggingsarbeidet bli litt komplisert

i ei lita bygd, når me skal prøve å ta om-syn til kvarandre. Men håpet er at me alle kan vere til velsigning for bygd og grender her.

- Når du ser framover, kva tenkjer du om kyrkja sin plass i Kviteseid-samfunnet?

- Me veit ikkje mykje om framtida. Men så lenge folk engasjerer seg i kyrkja sitt arbeid, kan kyrkja bidra til at Kviteseid er ein god stad å vekse opp, arbeide og bli gamal. Til no har me vore heldige som har hatt mange frivillige som har engasjert seg i kyrkja. Dei fleste av dei yngre har ikkje same dugnadstanke som dei eldre i samfunnet generelt; men eg håpar at fleire av desse òg kan finne glede i å ta del i tenester for andre gjennom kyrkja sitt arbeid. Eg skal ikkje leggje føringar for presten som kjem etter meg, men eg er glad for at me har fått på plass eit godt dugande sokneråd for dei neste fire åra, seier Møyfrid.

- Kvaråd eller ønskje har du for personalstab og samarbeid?

- Eg vil ønskje dei Guds velsigning! Eg har berre den gamle oppskrifta: be og arbeid. «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.» Fil 4,6f

- Har du noko særskilt minne frå Kviteseid-tida, favorittsalme og -bibelvers?

- Eg tek med meg ei heil minnebok av opplevingar frå desse åra: Høgtidsstunder ved døypefonten, turar med konfir-



Frå babysong

mantar, turar i fjell, skog og på vatnet med mange ulike folk, pilegrimsturar til Røldal med Kvitsund-elevar, friluftsgudstenester på ulike stader sommar og vinter, koselege songstunder på babysong, dei mange trivelege besøka på Midtsundtoppen og besøk ved sjukesenger på KOS og andre stader, felles bønestunder og alle som har opna heimen sin for meg, fortel Møyfrid.

- Eg har fått prøve mykje i denne fyrste prestejobben min, og eg tek med meg mykje lærdom.

Mitt favorittbibelvers frå eg var lita - er dette: «Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå, eg vil la mitt auge kvila på deg og gje deg råd.» (Sal 32,8). Favorittsalmen min har blitt «Deg å få skode»; men no som det nærmar seg jol gler eg meg til å syngje:

«Eg synger jolekvad, eg er så glad, så glad! Eg ser min Jesus kvila som barn i ringe kår, på moderfanget smila som soli varm og klår. Han er Frelsar min, han er Frelsar min!»

- Med dette vil eg takke for meg her i bladet; både som prest og redaktør gjennom desse åra i Kviteseid, helsar Møyfrid Lunde.

Klokka i tårnet

Av Olav Mosdøl

Månen stod lågt over Nonåsen i jolekvelden. Olav sprang over tunet. Han skimta ein skugge på snøen. – Ein engel, for det gjennom guten på sju år. Føtene flaug mot fjøset. Døra opna seg mot han med lukt og lyd av mange dyr.

Mor hadde gått ut tidleg for å stelle buskapan. Etterpå skulle ho lage nepe-spa, koke aure og leggje lefse på fine fat. No stod ho og tok imot han med heile fanget sitt. – Såg du noko? hiksta han og heiv etter pusten. – Over snøskavlen! – Ja visst, såg eg engelen min! Han flaug over snøfonnene. Rett i armene mine; eg fanga heile deg.

Olav kjende angen av høyt, av sommar og dyr – og kroppen hennar. Noko som lindra all uro i hjarta. Han hjelpte til med stellet: vatn til sauene og havre til hesten. Mor tok høyet frå den mørke løa. Der måtte ho rive det laust, for han hadde trakka så hardt i sommar.

Ho vart borte i mørkret. – Lenge, tykte han, og klødde Venesau bak øyra. Brått begynte hjarta å pikke: veldig fort, veldig fort. Han famla seg fram langs veggen for å skimte over låvebrika, men mørkret var heilt tett. Då fall ei strime av måneljos inn i skålen, og han greip ei sauebjølle og ringla alt han orka.

– Kva er detta, Olav? Mor ropa borti saueløa ein stad. – Eg er heilt eismal, svara han, og tenkte på skuggen over snøen.



Alt er bra! roa mor, ho steig fram i ljuset. – Det er måneljost i kveld. Slik var det sikkert på Betlehemsmarkene ein gong. Og du skal vere med far i kveld og ringje inn jola.

Ho tok bjølla. Hengde den på sauens hans, som stod og nappa høyt. Det singla så vent i messingen. Mest som ei lita kyrkjeklokke, tykte Olav. Han vart kar att, tok fjøskrakken og sette seg ved sida av mor. Ho heldt på å mjølke Kransli, og han hørde korleis dei kvite strålane fann vegen i den store bytta. – Du mor, trur du gjætarane vart redde ute på markene?

Mor retta ryggen. Strauk håret frå panna, men svara ikkje før ho var ferdig. Då tok

ho sauebjølla og lyfte fjøslykta. – Sjø her Olav! No er du og eg hyrdingar langt aust i liane. Ho svinga lykta, ringla med bjølla og nynna eit vers: Stille – stille. Det syng i natt. Tonar milde om lova skatt. Sus i lufta av venger små. Englar kjem ifrå himmel blå.

- Trur du eg ville vore redd? spurde Olav.
– Ikkje viss det var Venesau-bjølla, sa ho, då dei gjekk frå fjøset. Han tok mor i armen og såg bortover snøskavlen; tykte han såg ein skugge og hørde lyden frå ei klokke i tårnet.

Då klokka var seks, gjekk dei for å ringje inn jola. Far og Olav låste opp kyrkjedøra, og så stod dei i midtskipet. Dei tok i det lange tauet. Far stod med føtene på golvet; Olav vippa på ein benk for å strekkje til. Opp og ned. Opp og ned. Han var lett i kroppen og kjende rytmen i armane. Merka den sugande lyftinga kvar gong tauet drog seg tilbake.

Han visste ikkje om andre kyrkjer som var så spennande. Tømra av eldgamle stokkar frå Svartedauden. Rosemåla på veggene. Engelen under taket. Ringjetauet heilt opp til kyrkjeklokka. Og no stod han her og drog. Opp og ned. Opp og ned.

– Sjø far! Olav hekk nesten i lufta og peika mot koret. – Det svevar liksom to englar der inne. – Ja visst to englar, smilte far. – Eg ser dei tydeleg; berre skuggane våre. Men slik det er no, mykje kan me ikkje forklåre. Og eg trur dei hjelper oss. – Det liknar no fælt på englar, sa Olav og sleppte tauet. Det var fredeleg i kyrkja.

Dei hørde berre klokka i tårnet som riksa eit par gonger. Så steig dei oppover trappa mot tårnet. Dei måtte krype gjennom ei trong luke. Skikkeleg skummelt, men far kom etter med parafinlykta, og Olav merka sperrer og bjelkar i mange retningar.

– Så stor, sa Olav då dei stod like ved klokka. Han tok på den gule messinggen. Far lyste med lykta og las nokre rare ord: «SI DEUS PRO NOBIS, QUIS CONTRA NOS.»

– Latin, sa han. Det betyr: ‘Dersom Gud er med oss, kven er då imot oss’. Det var ikkje språket i Jødeland, for det var romarane som mektige herrar kring heile Middelhavet. Då Jesus vart fødd, var August keisar i Roma og heldt ei stor folketeljing. Difor måtte Josef og Maria dra til Betlehem.

Dei steig nærare klokka og gjorde seg klar. Putta bomull i øyro. – Så rart, tenkte Olav då han lyfte kolven og slo. Slik begynte livet for barnet; barnet som hadde sendt ein engel.

Så hørde han klangen. Han kjende ei veldig bylgje som steig frå hendene hans. Klangen steig frå tårnet; høgare og høgare. Utover gardane. Bortover heiane. Han kima for heile verda.

JOLEGÅVE 2023

Takk for di gåve!

Pengegåva du sender vil gå til kyrkjelyden sitt arbeid blant born og unge, og til diakoni som er kyrkja si omsorgsteneste.

Bankkonto: **2660.45.14648**
eller **Vipps nr 3850**, kategori 5

Kvittering

Innbetalt til konto
2660.45.14648

Beløp

Betalersens kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Kviteseid sokn
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Kroner

Øre

Til konto

<

>

2660.45.14648

Fire på bygda:

Har du ein favoritt blant jolesongane våre?



Tor Borgenvik:

Favoritten er "Det hev ei rosa sprunge". Tysk melodi frå 1400-talet. Eg kjem frå ein bokmålsfamilie, men pappa og tante sa alltid at den måtte syngast på nynorsk. Og det gjorde vi - kvart einaste år. Vi song den òg i pappas gravferd.

Blant dei moderne jolesongane vil eg trekke fram Odd Nordstoga sin "Maria på veg". Der komprimerer han joleevangeliet. På YouTube finst songen der Odd syng han i Jar kirke, der eg er konfirmert.



Tarjei Draugedal:

Songen "Å helga natt" er blitt klassisk gjennom Jussi Björlings innspeling. For meg er det likevel ein norsk versjon som sit sterkast i og som har gjeve meg ei ny forståing for songen og teksten, nemleg Ine Hoems "Å signa natt", ikkje minst på grunn av hennar særmerkte uttrykk og framføring. Eg har tidvis spela denne året gjennom, dels til protestar frå kona mi, Ruth: "Du kan ikkje spele jolesongar no," har ho meint, men jo, denne toler faktisk å bli brukt heile året!



Marit Ims Øy:

Vi sang mye i storfamilien på Kopstad, og i barneårene var favoritten "Jeg er så glad hver julekveld". Fra ungdomstida husker jeg spesielt en sang som "traff" meg både med tekst og melodi: Gammel Maria-vise: "Maria var en møy så ren". I voksen alder har jeg et veldig godt minne fra julefeiringen i vår egen familie. Da julemiddagen var spist og bestefar hadde lest juleevangeliet, klatret mormorgutten opp stolen sin og sang hele Eyvind Skeies vakre advent/julesang: "Tenn lys! Et lys skal brenne, for denne lille jord" - svært aktuell i disse dager!



Hilde Berntsen:

Med sin nydelege folketone er det "Mitt hjerte alltid vanker" som er min favoritt blant jolesongane. Tenk at teksten blei skriven av Brorson i 1732! Den har mange vers, noko som passar bra for meg som likar å synge. Saman med Herdis Nordbø Jørgensen song vi denne i skulekoret i Fjågesund. Seinare har eg vore med i Seljord Songlag nokre år, og denne salmen har ofte vore på repertoaret i Sundsbarmhallen fyrste søndag i advent. Om eg skal lytte, vel eg Sondre Bratland sin versjon.

Konfirmanttur til Lønnegraf



Dugnad med Markus-evangeliet



Teambuilding



Skumparty på kick-off

Siste fredag i oktober dro konfirmantar med leiarane Knut Ove og Møyfrid til hytta Fjellvang på Lønnegraf i Vrådal for å vere saman der i eitt døgn. Det var like før vinteren kom, og etter innspel frå konfirmantar i turkomitéen hadde vi lagt opp til mykje aktivitet innandørs i tillegg til noko konkurranse og team-building rundt hytta. Konfirmantane sto for all matlaging sjølv og bidrog til at vi alle hadde det fint saman. På fredagen hadde vi open spørsmål-post, undervisning om

bøn og hadde bønevandring. På laurdagen hadde vi dugnad på Markus-evangeliet. Til saman dekte vi opp heile denne boka om Jesu liv. Imponerande innsats av alle! Etter lunsj fekk vi besøk av Jan Gunnar Breivik som vi hadde invitert til å dele noko om kva trua betyr for han. Etter ganske nøyaktig eitt døgn sette vi oss i bilar og køyrde til Dyrsku'plassen for å vere med på kick-off der saman med over 300 ungdommar frå heile Øvre Telemark.



Besøk av Jan Gunnar Breivik ved lunsjbordet






BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



Vits

- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00



Nytt sokneråd

Her kan du sjå bilete av dei som er valt inn som faste medlemmar i soknerådet til den neste fireårsperioden. Ta gjerne kontakt med dei om du har innspel eller spørsmål framover. Dei kan ta imot saker og spørsmål som dei kan ta vidare til rådet.



Anne Marit Sørby



Anne Oddny Foldøy



Astrid Elisabeth Breivik



Dagfinn Jone Køhn



Knut Gjersund



Sigrun Garvik Moen



Solveig Aabø Løfgren



Trond Andreas Fjågesund

Vi seier tusen takk for innsatsen til det gamle soknerådet leia av Marit Gotuholt. På biletet er dei som var til stades då rådet vart takka av på overlappingsmøte mellom nytt og gammalt råd.



TAIZÉBØN I KVITSEID KYRKJE

Oskeonsdag, 14. februar, startar faste-tida, ei tid for bøn og sjølvransaking fram mot påske. Denne kvelden ynskjer me velkommen til eit stemningsfullt pusterom i Kviteseid kyrkje. Taizébøn er ei messe med låg terskel, mykje fin musikk, mykje levande ljøs og mykje rom for stille og ettertanke. Musikken er lågmælt og vakker, og kyrkjelyden syng saman med forsongarar på enkle bønensongar. Musikken er som namnet seier henta frå Taizé, eit felleskyrkjeleg brorskap i Sør-Frankrike som sam-lar særleg unge menneske til song og bøn. Den mest kjende songen frå Taizé er «Laudate omnes gentes» eller «Syng lovsong, heile jorda» på norsk. Velkommen til stille og bøn!

LIVETS GANG

Døypte

Kviteseid:

Victoria Jamtveit Åmellem

Vigde

Retting frå sist:

Ved ein glipp kom vi i skade for å gjere kjent vigsel før tida mellom Erna Øygarden og Harald Lønnegraff. Vi beklagar denne feilen!

Døde

Kviteseid:

Marianne Gotuholt
Kåre Hafskjold

OPPSLAGSTAVLA

Dåp – konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel: kyrkja.no/kviteseid

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, eller med prosti-diakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om

trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på kyrkja.no/minside. Tilbodet er ope òg for føresette som ikkje sjølv er medlem.

Føremiddagstreff

Ein onsdag i månaden kl. 11.00 på Misjonshuset. Sjå annonse i VTB på førehand.

Fellesmøter

21. januar er det felles familiemøte på Misjonshuset kl. 16.00. Store og små er velkomne!

1.-3. mars er det fellesmøter med Siri Iversen som talar. Eiga annonsering.

Fasteaksjon

Tysdag før påskeferien kjem konfir-mantar og andre rundt med bøsser på dørene til inntekt for Kirkens nødhjelp sitt arbeid rundt omkring i verda. Ta godt i mot dei!



Gullkonfirmentar. Her er nokre av dei som var konfirmentar for 50 og 51 år sidan i Brunkeberg, Fjågesund, Kviteseid og Vrådal kyrkjer.

MØTEPROGRAM FOR MISJONSHUSET, KVITSEID NORMISJON VÅREN 2024

JANUAR

Sund. 7.	17.00	RIK bibelbruk (Vi les frå Bibelen høgt saman)
Tysd. 9.	19.30	Møte
Sund. 14.	11.00	0-100 med sundagsskule
Tysd. 16.	19.30	Kveldsbibelskole v/ Dag Erik Asdahl
Sund. 21.	16.00	Felles familiemøte
Tysd. 23.	19.30	Kveldsbibelskole v/ Dag Erik Asdahl
Sund. 28.	11.00	0-100 Familiemøte
Tysd. 30.	18.30 19.30	Felles bøn for Kviteseid RIK bibelbruk

FEBRUAR

Sund. 4.	17.00	0-100 Familiemøte m/kveldsmat
Tysd. 6.	19.30	Song og tale ved Jon Olav og Kristine Selstø
Sund. 11.	11.00	0-100 Nattverd og vitnemøte

Tysd. 13.	19.30	Kveldsbibelskole v/ Dag Erik Asdahl
Sund. 18.	11.00	0-100 RIK bibelbruk
Tysd. 20.	19.30	Tysdagsmøte
Sund. 25.	11.00	0-100 Lovsong og vitnemøte
Tysd. 27.	18.30 19.30	Felles bøn for Kviteseid RIK bibelbruk

MARS

Fred. 1. – sund. 3		Fellesmøter
Tysd. 5.	19.30	Kveldsbibelskole v/ Dag Erik Asdahl
Sund. 10.	11.00	0-100 Familiemøte m/ middag
Tysd. 12.	19.30	Sam Tore Bamle
Sund. 17.	17.00	0-100 med sundagsskule
Tysd. 19.	19.30	Nils Jørgen Hardang
Sund. 24.	11.00	Palmesundagsfest med mat. Tale Dag Erik Asdahl

Det kan bli endringar. Følg med på annonsering.

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

GUDSTENESTELISTE

DESEMBER

Fred 24. Joleftan, Luk 2,1-20

Fjågesund kl. 12.45. Møyfrid Lunde.

Vrådal kl. 14.30. Asgeir Sele

Brunkeberg kl. 15.00. Møyfrid Lunde.

Kviteseid kl. 16.15. Møyfrid Lunde.

Ofr. Kirkens nødhjelp i alle kyrkjer.

Mån 25. Joledag, Joh 1,1-14

Kviteseid kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde.

Vrådal kl. 13.30. Høgtidsgudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Ofr. Det norske misjonsselskap (NMS).

Sun 31. Nyttårseftan, Matt 10,16-22

Kviteseid kl. 23.15. Midnattsmesse.

Møyfrid Lunde.

JANUAR

7.1. Kristi openberringsdag

Lukas 2,40-52.

Kviteseid kl. 11.00 Familiegudsteneste.

Avskjedsgudsteneste for Møyfrid.

Sun. 14.1. 2.sundag i openberringstida.

Mark 1,3-11.

Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste.

Sun.21.1. 3.sundag i openberringstida.

Joh.4,4-26.

Misjonshuset kl. 16.00. Fellesmøte.

Sun.28.1. Sámannssundagen.

Mark 4,26-34

Brunkeberg kl.11.00.

Familiegudsteneste.

Utdeling av dåpsgåver.

FEBRUAR

Sun. 4.2. Kristi forklåringdag.

Mark 9,2-13.

Kviteseid kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 11.2. Fastelavnsundag.

Joh 12,20-33.

Vrådal kl.11.00. Familiegudsteneste.

Sun. 25.2. 2.sundag i fastetida.

Luk.7,36-50.

Brunkeberg kl.11.00. Gudsteneste.

MARS

Sun. 3.3. 3.sundag i fastetida.

Mark.9,17-29.

Kviteseid kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 10.3. 4.sundag i fastetida.

Joh.3,11-16.

Vrådal kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 17.3. Maria bodskapsdag.

Luk 1,46-55.

Kviteseid kl. 11.00.

Familiegudsteneste.

Tors. 28.3. Skjærtorsdag.

Luk 22,14-23.

Kviteseid kl.18.00. Gudsteneste.

Fred. 29.3. Langfredag.

Mark 14,26-15,37.

Brunkeberg kl.11.00. Gudsteneste.

Sun. 31.3. Påskedag.

Matt 28,1-10.

Kviteseid kl.11.00. Høgtidsgudsteneste.

Vrådal kl.13.30. Høgtidsgudsteneste.

APRIL

Man. 1.4. 2.påskedag.

Luk 24,36-45.

Fjågesund kl.11.00. Gudsteneste.

Vi er særst takksame for generøse gåver til Kyrkjestøgo i Kviteseid denne hausten. Nær 90.000 kr er kome inn og gjer oss i stand til å utstyre det på ein fin måte.

Kjøpenskap, benk og kvitevarer er på plass. 30 stolar og 6 bord gjev plass til mange. Varmepumpa gjer lokalet lunt og godt. Solcellene på taket vil gje oss billig straum etter vinteren. Kom gjerne innom og sjå kor fint det har blitt.

Det er framleis mogleg å sende gåve til dette føremålet. Bruk same kontonr. som på giroen, eller VIPPS til 3850, kategori 10.